

# ÅRSMELDING 2023

## FOR UNDHEIM KYRKJE OG BEDEHUS

Årsmøte søndag 17.mars 2024 kl.12.00 i kyrkjesalen.



### Sakliste

1. Valg av møteleiar.
2. Godkjenning av innkalling.
3. Valg av skrivar.
4. Valg av to personar til å skriva under møteboka.
5. Godkjenning av årsmeldinga.
6. Godkjenning av rekneskap.
7. Endring av vedtektene-vedlegg
8. Valg til styret.
9. Valg til valgnemda.
10. Valg av revisor.
11. Ymse.



## Årsmelding for 2023.

Årsmøte med årsmelding for 2022 fann stad søndag 5.mars i kyrkjesalen etter gudstenesta.

Styret har vore:

Leiar	Torvald Tjåland
Nestleiar	Pål Ånund Tveiten
Kasserar	Merete Tjemsland
Sekretær	Hans Christian Høiland
Styremedlem	Hans Undheim
1 Varamedlem	Odd Ove Tunheim
2 Varamedlem	Atle Tjåland

Valgnemd:

Leiar	1. Kåre Sigurd Undheim
	2.
	3.

**Styret har hatt 6 møter og protokollført 23 sjølvstendige saker.**

### Aktivitetar:

Av faste brukarar har vi Den Norske Kyrkja/ Undheim sokneråd, UKUF, Dekor, Greensax, Supermix, UGLA, Open barnehage, Open kjellar, Babysong, Handarbeidstreff, Laust og fast, Småmøte, Sondagsskulen og misjonsforeiningar.

Kyrkjesalen nyttast til gudstjenester, barsedåp, konfirmasjon, bryllup, gravferder, konsertar og møter. Underetasjen vart brukt til mellom anna misjonsmøter, minnemøter, feiring av åremål, bryllup og konfirmasjon i tillegg til ein del av dei faste aktivitetane nemde ovanfor.

2023 har vore eit godt driftsår, der inntektene ved utleige, dugnad, konsertar og gaver er på rundt kr. 265.000. Dette kjem godt med til å dekkja utgiftene til vedlikehaldet som me så langt har fått utført: Lagt nye fliser på eit avgrensa område innafor døra i kjellaren, og skifta ut nokre i salen. Det er planlagt å leggja nye skifer ved hovedinngangen til kyrkjesalen, og fiksa opp område ved fossefallet. For å få til ein meir stabil oppvarming i kyrkjesalen, har me investert i ei ekstra luft/luft varmpumpe. Det er også montert ny varmpumpe som er luft til vatn, då den førre vart øydelagt i slutten av 2022. Det er planlagt å mala kyrkja utvendig i 2024.

Me har oppretta eit abonnement i Power Office Go rekneskapsystem som ved god hjelp av Herdis Lindal Tjåland skal halda orden i rekneskapen.

Me vil takka alle som har stilt velvillig opp på dugnad når det gjeld servering, dekking og opprydding. Så takk til alle som stiller opp.

Det har i 2023 vore 4 konsertar/song-arrangement.

- 6.mai: Grønn Dag- NMS foreiningane i Time. Bruk av kjellarlokale og kyrkjeparken
- 4.juni: Jæren Misjonsradio
- 20.okt: Nashville Sounds og Greensax
- 22.des: Julekonsert Jorunn Undheim.

Me ber om Guds signing over arbeidet vidare.



## Styret sitt forslag til endring av vedtektene på årsmøtet 17.mars 2024

Årsmøtet ifjor (2023) valgte styret som valgnemd. Etter styret si meining er det årsmøtet som har denne oppgaven, ikkje styret. Då dette ikkje er spesifisert i noverande vedtekter, legg styret fram forslag om å leggja inn eit nytt punkt under § 7. Viser her til vedtak i møte 21.januar 2024.

Styret sitt vedtak frå møte 21.jan.2024:

02.24	<b>Forslag til endring av vedtektene</b>  Då årsmøtet 2023 (ifjor) ikkje klarte å velja nye medlemmer til valgnemda, vart det vedteke å gje styret i oppdrag å få tak i nye medlemmer. Valg av nye medlemmer skal gjerast av årsmøtet og ikkje av styret, men dette er ikkje spesifisert i nåverande vedtekter. Styret føreslår derfor eit nytt punkt i §7-»Årsmøtet sine oppgaver». -Valgnemd:- 3 personer-1 ny kvart år
-------	---

**Sitat frå «Valgkomite og valg»:**

*Valgkomiteen skal velges av eierne/medlemmene på generalforsamlingen/årsmøtet (kalt årsmøtet videre) i henhold til organisasjonens vedtekter. Valgkomiteen setter selv opp kandidater til neste valgkomité i henhold til vedtektene, som årsmøtet tar stilling til.*

*Valgkomiteens oppgave er som nevnt å finne kandidater til organisasjonens styre. Normalt skal valgkomiteen arbeide selvstendig på vegne av eierne/medlemmene, og kun svare ovenfor medlemmene ved årsmøte. Det vil si at de skal ta selvstendige vurderinger og ikke være styrt av det sittende styre.*

**(Kjelde: Organisasjon.eu.)**

Forslag frå styret:

Eit nytt punkt:

**§ 7- Årsmøte sine oppgaver: Valgnemd- 3 personer-1 ny kvart år.**

# Forslag til nye vedtekter



Undheim kyrkje og bedehus

## VEDTEKTER FOR UNDHEIM KYRKJE OG BEDEHUS.

**Undheim kyrkje og bedehus skal vera eit hus der det kristelege livet får styrke og næring gjennom forkynning bygd på Guds ord og den evangelisk lutherske lære.**

**§ 1 Foreninga sitt namn: Undheim kyrkje og bedehus-org.nr.: 921 353 766**

**§ 2 Formål:**

Foreninga har som formål å drifta og vedlikehalda Undheim kyrkje og bedehus.

**§ 3 Organisasjonsform:**

Foreninga er ei frittstående juridisk person med medlemmer, og er sjøleigande. At den er sjølveigande inneber at ingen, verken medlemmer eller andre, har krav på foreninga si formue eller eigedelar, eller er ansvarlege for gjeld eller andre forplikingar.

**§ 4 Medlemmar**

Medlemmar av foreninga er alle i Undheim skulekrets med kommunal stemmerett og har fylt 15 år.

**§ 5 Rettigheter som er knytta til medlemskapet.**

Alle medlemmer har rett til å delta på årsmøtet, dei har stemmerett og er valgbare til tillitsverv i foreninga.

**§ 6 Årsmøte**

Årsmøtet, som vert halde kvart år innan utgangen av mars, er foreninga si høgste myndighet. Årsmøtet er vedtaksført med tal av medlemmer med stemmerett som møter, og alle medlemmer har ein stemme. Møteleiar vert vald på årsmøtet.

For å vera gyldig, må eit vedtak vera bestemt med alminneleg fleital av stemmene. Vert talet på stemmer likt, vert vedtaket avgjort med møteleiar si dobbeltstemme.

Styret kaller inn til årsmøte, med minst ein månads varsel. Direkte til medlemmane eller ved varsel i pressa. Forslag som skal behandlast på årsmøtet, skal vera sendt til styret seinast to veker før årsmøtet. Fullstendig saksliste må vera tilgjengelege for medlemmane seinast ei veke før årsmøtet.

Årsmøtet kan ikkje behandla forslag som ikkje er oppførde på sakslista, med mindre 3/4 av dei som er frammøtte samtykker i det.

## § 7 Årsmøte sine oppgaver.

Årsmøtet skal

- Behandla årsmelding
- Behandla revidert rekneskap
- Behandla innkomne forslag

Velje

- Leiar: - for 1 år
- Styremedlemmer: - for 2 år
- Varamedlemmer: - for 1 år
- Revisor: - for 1 år
- Valgnemd: - 3 personer-1 ny kvart år**

## § 8 Ekstraordinært årsmøtet

Ekstraordinært årsmøte vert halde når styret bestemmer det, eller minst 1/3 av medlemmane krev det.

Innkallinga skjer på same måte som ordinært årsmøte, med minst varsel 14 dager før.

Ekstraordinært årsmøte kan bare behandla og ta avgjersler i dei sakene som er kunngjort i innkallinga.

## § 9 Styret

Foreninga har et styre på 5 medlemmer. Styret skal halde møte når styreleiar eller eit fleirtal av medlemmane av styret krev det.

Styret vel innbyrdes nestleiar, sekretær og økonomiansvarleg.

Styret har ansvar for utleige, drift og vedlikehald av huset, og skal sjå til at bruken er i samsvar med vedtektene.

Styret syter for driftsavtale med Time kyrkjelege fellesråd når det gjeld den kyrkjelege bruken av huset.

Styret kan fatte vedtak når eit fleirtal av styret sine medlemmer er tilstades. Vedtak vert fatta med fleirtal av dei avgitte stemmene.

## § 10 Signaturrett

Leiar av styret og eit styremedlem har signaturrett.

## § 11 Endring av vedtektene

Endring av desse vedtektene kan bare gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore på sakslista, og det krev 2/3 fleital av dei avgitte stemmene.

## § 12 Oppløysing

Oppløysing av foreninga kan bare behandlast på årsmøtet, og krev 2/3 fleirtal. Ingen av medlemmane har krav på foreninga sine midler eller del av desse.

Godkjent dato: \_\_\_\_\_

**Styret for Undheim kyrkje og bedehus**



Undheim kyrkje og bedehus

### **Valg til styret:**

På valg til styret er: Hans Undheim,  
Hans Christian Høiland

På valg som varamenn er:

- 1.varamann: Atle Tjåland
- 2.varamann: Odd Ove Tunheim

Formann skal veljast av årsmøtet.:

--

Forslag frå valgnemnda til styret for 2023:

Torvald Tjåland
Hans Undheim
Hans Christian Høiland

Forslag frå valgnemnda til varamenn:

Atle Tjåland
Odd Ove Tunheim

### **Valg av revisor:**

Forslag frå styret:

Tore Sikveland
----------------

### **Valg av ny medlem til valg-nemda:**

?
?
?



Tanker om rekruttering.

Over tid har det vorte vanskelegare å rekruttera medlemmar både til styret og valgnemda for Undheim kyrkje og bedehus.

Like sidan kapellet stod ferdig i 1921 har bygget vore i privat eige, etterkvart formelt forvalta som ein stiftelse med eit styre.

Tilsyn og vedlikehald av kyrkja vår syter Styret for Undheim kyrkje og bedehus for ut frå §2 i vedtektene. (**Formål: «Foreninga har som formål å drifta og vedlikehalda Undheim kyrkje og bedehus».**)

Me har ein sær god avtale med Time kyrkjelege fellesråd om utleige til kyrkjelege formål. Me deler mellom anna på straumutgiftene, har gratis reinhald i kyrkja, tilskot til utvendig vedlikehald og diverse kontrollar og tilsyn av teknisk karakter.

Me er heldige som kan bruka huset til alle dei aktivitetane som naturleg høyrer heime her. Dette er ei ordning me er vel tente med, og me trur mange vil vera enige i at me ynskjer å ha det slik. Dersom det er nokon som ynskjer ein annan måte å organisera drifta på, vil styret svært gjerne ha tilbakemelding om korleis ein meiner den framtidige organisasjonsforma skal vera. Kva alternativ har me?

Send gjerne epost til: [einarmalenius@gmail.com](mailto:einarmalenius@gmail.com)

Arbeidet i styret gjer seg ikkje sjølv. Me har i alle år vore privilegerte med å ha gode folk i styret og ulike nemnder. Me merkar at det nå er ei større utfordring å få kandidatar til valga. Det kan nok vera ulike årsaker til at det er slik. Me veit at dette er eit fenomen i fleire foreningar som baserer arbeidet på frivillighet.

Årsmøtet er øverste organ, og skal kvart år velgja 2 personar til styret, som har 5 medlemmar, og 1 ny person til valgnemda, som har 3 medlemmar. Ved siste årsmøte i mars 2023 var det ikkje råd å få nok folk til alle verv. Resultatet vart at me fekk eit fulltallig styre, men i valgnemda er det nå berre att ein person.

Han har fullført si tid i nemnda ved neste årsmøte.

Denne situasjonen er ikkje haldbar. Ei forening som ikkje klarer å rekruttera nok medlemmar til styre og verv, kan/vil ikkje fungera i den

form som me har nå. Dette er medlemmane/årsmøtet sitt ansvar. Derfor er det så viktig at medlemmane møter på årsmøtet og stiller seg disponible både til styret og valgnemda.

Grunna sterkt redusert valgnemd etter siste årsmøte, fekk styret oppdraget med å skaffa nye personar til valgnemda. (Det er juridisk lite haldbart at styret skal rekrutera personar til nemda. Dette er årsmøtet sitt ansvar.)

**For årsmøtet i 2024 ber styret om forslag på minst 3 valgbare medlemmar til valgnemda. (§4: Medlemmar av foreninga er alle i Undheim skulekrins med kommunal stemmerett og som har fylt 15 år.)**

Vår oppfordring er at alle medlemmar ser eit felles ansvar for å stilla seg til disposisjon slik at me kan få kandidatar til valga. Møt opp så mange som kan med stemmerett på årsmøtet som vert 17.mars 2024 kl.12.00 etter gudstenesta i Undheim kyrkje.

Kåre Sigurd Undheim  
medlem av valgnemda

Torvald Tjåland  
styreformann